

# DEI GULE VESTANE

Gule vestar er ingen motstandsbevegelse her på berget slik dei er i Frankrike. Dei utgjør derimot stille uniformerte tog av småbarn med grep om eit hampetau eller ei trygg hand. Eg stoppar alltid opp for slike gule tog, dei rører meg meir enn noko anna. Det er noko håpefullt ved små menneske som enno ikkje har rokke å bli som oss.

Ei gruppe gulvestar stod i hamna den dagen det første cruiseskipet kom til Eid i 2019. Dei små var ekstra små i samanhengen. Likevel tenkte eg at det kanskje er desse små som må ha ta store valg.

Kanskje det er dei som må dei ta stilling til blindpassasjeren som kom med skipet?



FREDDIE LANGRIND  
www.ordtoner.com > EPISTLER



(BLINDPASSASJEREN)